

Harald Sætre si bok - god omtale og godt sal.

07.08.2018



To nøgde bokseljarar på Fjordsteam i Bergen, Otto Ermland og Harald Sætre.

**Boka 61 VETERANBÅTAR PÅ VESTLANDET sel god. Med lansering på Havnadagane i Haugesund og promotering på Fjordsteam i Bergen i helga ligg alt til rette for eit godt sal. Boka har eit 1. opplag på 1200 eks. Kapabel forlag ved Otto Ermland er utgjevar. Boka er den 4. boka Harald Sætre skriv om veteranbåtar og fartyvern. Sætre kjem til bokhandelen på Husnes fyrstkomande laurdag for signering og sal.**

Det var stor interesse for Sætre si bok på Fjordsteam i helga. Forlaget hadde stand sentralt plassert på Bryggen med lystfartyet MY FAUN i bakgrunnen. Forlaget selde bøker og Harald Sætre signerte og snakka med kundane sine.



[Boka til Harald Sætre er godt motteken og profilert. Her frå ei heilside i BA på fredag under Fjordsteam i Bergen.](#)

BA hadde same dagen ein større artikkel om boka og Sætre sitt store arbeid med formidling frå fartyvernet og ruteferdsla på Vestlandet frå starten på 1800 talet og fram til dei tradisjonelle rutebåtane la ned drifta. Mykje av arbeidet omhandlar ferjefarten. I boka finn vi dessutan informasjon om båtane som vart nytta til fiske og fangst, arbeid, fritid og fest. Eit eige kapittel handlar om seglfarty, med mellom anna MATHILDE, GURINE og LOYAL. Av 61 veteranbåtar er heile 12 bygde i Kvinnherad. Det er nok å nemna MK EITRHEIM som vart bygd på Snilstveitøy hos Gjert Eidsvik i 1937, berre nokre år før bror hans, Alfred Eidsvik med familien kom til Uskedalen for oppdraget med snurparen SOLFJELL.

På laurdag kan du frå kl. 12 møte Harald Sætre i Kvinnherad. Då kjem han til bokhandlar Alsaker på Husnes og signerer bøker. Så langt har Alsaker seld 15 bøker, noko han er godt nøgd med.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Eilert Munch Lund/ Kristian Bringedal

Det er ikkje få frivillige timar som kvart år blir lagt ned på dugnadsbasis for å ta vare på- og halda i drift ulike veteranfartøy, alt frå mindre fritidsbåtar og ferjer, til større passasjer- og lastebåtar.

I Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har det etter kvart utvikla seg eit rikt og vanert miljø innan fartøyvern. Båtane er i aktiv bruk sommarhalvåret og deltek på ulike festivalar og arrangement. For mange er dei blitt eit kjærnt maritimt gjensyn frå tidlegare tider.

I denne boka finn du eit representativt utval av fartøy frå dei tre fylka. Fleire båtar hadde forten omtale men me vonar likevel at det blir gitt eit innblikk i det mangfaldet som finst innan fartøyvernet, og at me kan få synleggjort noko av det enorme dugnadsarbeidet som er lagt ned i å ta vare på fartøya.



Baksida av boka med mellom anna bilete av MS SUNNHORDLAND og DS STAVENES.